



Sunnfjord  
kommune



# Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår

I Sunnfjord kommune 2019-2023

# Innhold

<b>1</b>	<b>Generelt</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Vederlag for tapt inntekt</b>	<b>3</b>
2.1	Dokumentert tap av inntekt	3
2.2	Ikkje-dokumentert tap av inntekt	3
<b>3</b>	<b>Dekning av utgifter</b>	<b>3</b>
3.1	Skyss-, kost- og overnattingsutgifter	3
3.2	Andre dokumenterte utgifter	3
<b>4</b>	<b>Fast årleg godtgjersle</b>	<b>4</b>
4.1	Ordførar	4
4.2	Varaordførar	4
4.3	Medlemmar i formannskapet	4
4.4	Leiarar av hovudutval og kontrollutvalet	4
4.5	Frikjøpsordning	4
4.6	Pensjon	4
4.7	Avgrensing	4
<b>5</b>	<b>Møtegodtgjersle</b>	<b>5</b>
5.1	Satsar	5
5.2	Arbeidstakarorganisasjonar	5
5.3	Tilsette	5
5.4	Avgrensing	5
<b>6</b>	<b>Ettergodtgjersle</b>	<b>5</b>
<b>7</b>	<b>Retten til velferdsgode</b>	<b>6</b>
7.1	Retten til sjukepengar	6
7.2	Retten ved yrkesskade	6
7.3	Permisjonar	6
<b>8</b>	<b>Tilrettelegging for partipolitisk verksemd</b>	<b>6</b>
8.1	Tilskot til partigruppene i kommunestyret	6
8.2	Gruppeleiar	6
8.3	Møterom	6
<b>9</b>	<b>Tolking av regelverket</b>	<b>7</b>

# 1 Generelt

I Sunnfjord kommune skal det leggest til rette slik at alle folkevalde skal kunne utføre dei oppgåvene som ligg i vervet. Reglementet har som føremål å sikre at folkevalde i kommunen får kompensasjon for sin arbeidsinnsats og vederlag for tapt inntekt og utgifter som følge av tillitsvervet.

Folkevalde har ikkje eit tilsettingsforhold i kommunen og godtgjeringa er ikkje sett på som løn. Godtgjersle og utbetaling av vederlag for tapt inntekt eller utgifter er likevel rapporteringspliktig og skattepliktig som inntekt.

Reglementet vil normalt bli revidert kvart fjerde år og gjort gjeldande for komande periode av det avtroppande kommunestyret. Påtroppande kommunestyre godkjenner reglementet.

## 2 Vederlag for tapt inntekt

### 2.1 Dokumentert tap av inntekt

Dokumentert tap av inntekt vert dekket med inntil kr 4 000,- per dag.

For å få dekt dokumentert tap av inntekt er det eit vilkår at det vert lagt fram dokumentasjon frå arbeidsgjevar om omfanget av trekket, inklusive feriepengar og ev. pensjonsyttingar.

Tapt inntekt for sjølvstendig næringsdrivande må dokumenterast med likningsattest og eigenmelding som sannsynleggjer kravet.

### 2.2 Ikkje-dokumentert tap av inntekt

Tap av inntekt som ikkje er dokumentert, basert på eigenerklæring, vert dekket med inntil kr. 1 500,- per dag.

Folkevalde som må forsømme sine ordinære gjeremål for å ivareta eit kommunalt tillitsverv (studentar, pensjonistar, heimeverande frilansar mv.) kan få vederlag etter søknad med inntil kr. 1 500,- per dag.

## 3 Dekning av utgifter

### 3.1 Skyss-, kost- og overnattingsutgifter

Skyss-, kost- og overnattingsutgifter i samband med kommunale oppdrag og pliktige møte vert refundert med grunnlag i det kommunale reiseregulativet.

### 3.2 Andre dokumenterte utgifter

Folkevalde kan få dekket utgifter til avløysar, barnepass, omsorgsansvar eller liknande, som følge av pliktige møte.

Det vert som hovudregel anten berre betalt ut vederlag for tapt inntekt eller for utgifter.

## **4 Fast årleg godtgjersle**

### **4.1 Ordførar**

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90 % av statsråd si godtgjersle. Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet etter lov og reglement.

Godtgjersle ordføraren får som følgje av funksjonar i selskap der kommunen har eigeninteresse, kjem i tillegg.

### **4.2 Varaordførar**

Varaordførarvervet skal vere ei heil stilling, og godtgjersla vert sett til 75 % av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla varaordføraren får som folkevald i Vestland fylke, skal gå til frådrag i varaordførargodtgjersla.

Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på varaordførarvervet, og føreset at deler av godtgjersla vert nytta til frikjøp.

Godtgjersle varaordføraren får som følgje av funksjonar i selskap der kommunen har eigeninteresse, kjem i tillegg.

Dersom varaordføraren fungerer midlertidig som ordførar, utover periodar der ordføraren har ordinær ferie eller er borte som følgje av ordførarfunksjonen, vert det ytt eit vederlag frå første dag tilsvarande ordføraren si godtgjersle.

### **4.3 Medlemmar i formannskapet**

Medlemmane i formannskapet får utbetalt 15 % av ordføraren si godtgjersle.

Godtgjersla dekker også dei tilfella formannskapet er personidentisk med andre utval.

Ordføraren og varaordføraren får ikkje godtgjersle som formannskapsmedlem.

### **4.4 Leiarar av hovudutval og kontrollutvalet**

Leiarar av utval for helse og omsorg, utval for oppvekst, utval for samfunn, kultur og næring og kontrollutvalet får utbetalt 10 % av ordføraren si godtgjersle.

### **4.5 Frikjøpsordning**

I særlege høve kan det etter søknad inngåast avtale med arbeidsgjevar om ei frikjøpsordning for folkevalde med ei særleg omfattande arbeidsbyrde. I slike høve refunderer kommunen arbeidsgjevaren sine lønsutgifter i perioden frikjøpet gjeld for.

### **4.6 Pensjon**

Folkevalde i tillitsverv som medfører godtgjersle som utgjer minst 30 % av ordføraren si godtgjersle, vert meldt inn i kommunen si ordinære pensjonsordning for arbeidstakarar.

### **4.7 Avgrensing**

Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25 % av den faste godtgjersla.

## 5 Møtegodtgjersle

Medlemmer og møtande vararepresentantar i kommunestyret, formannskapet, kommunale utval, nemnder, styre og råd får møtegodtgjersle etter ein sats per møte. Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte eller andre møte i partia.

### 5.1 Satsar

Møtegodtgjersle per møte vert sett til 2 000 kr.

Møtegodtgjersle for leiarar i kommunale utval, nemnder og råd, som ikkje får fast godtgjersle, vert sett til 3 000 kr.

Møtegodtgjersle for medlemmar og møtande vara i ungdomsrådet vert sett til 200 kr.

Møtegodtgjersle for leiaren og sekretæren i ungdomsrådet vert sett til 400 kr.

### 5.2 Arbeidstakarorganisasjonar

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av arbeidstakarorganisasjonane får ordinær møtegodtgjersle dersom møte vert halde utanom arbeidstid i kommunen.

### 5.3 Tilsette

Tilsette som har møteplikt i utval tillagt si stilling, får ordinær møtegodtgjersle dersom heile eller ein vesentleg del av møtet vert halde utanom arbeidstid.

### 5.4 Avgrensing

Ordføraren, varaordføraren, faste medlemmar i formannskapet og leiarar av hovudutval og kontrollutval får ikkje møtegodtgjersle i tillegg til fast årleg godtgjersle, jf. pkt. 4.1 – 4.4

Når det er møte i klageutvalet og klageutvalet HS på same dag, får medlemmane og leiar som er representert i begge utvala møtegodtgjersle for berre eitt av utvala.

## 6 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjer 50 % eller meir og som ikkje vert attvald eller som får vervet redusert, vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

- I 1 ½ månad dersom vedkommande har eit arbeid å kome tilbake til etter enda teneste
- I 3 månadar dersom vedkommande ikkje har eit arbeid å gå tilbake til. Det same gjeld næringsdrivande som treng omstillingstid.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkommande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

## 7 Rett til velferdsgode

### 7.1 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har eit verv som utgjer 30 % eller meir har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen.

### 7.2 Rettar ved yrkesskade

Folkevalde som har eit verv som utgjer 30 % eller meir har same rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen.

### 7.3 Permisjonar

Folkevalde som har eit verv som utgjer 30 % eller meir har rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Under permisjon beheld dei folkevalde godtgjeringa i inntil to veker, med mindre dei gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved sjukdom av barn eller barnepasser har folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter dei same reglane som tilsette i kommunen.

## 8 Tilrettelegging for partipolitisk verksemd

### 8.1 Tilskot til partigruppene i kommunestyret

Dei politiske partia sine kommuneorganisasjonar kan søkje om ei statleg partistøtte som består av ei fast grunnstøtte og ei røyststøtte. Sunnfjord kommune støttar partigruppene i kommunestyret med eit tilskot som svarar til 100 % av statstilskotet.

### 8.2 Gruppeleiar

Gruppeleiarar i politiske parti som er representert i kommunestyret får ei fast årleg godtgjersle. Godtgjersla er basert på storleiken til partigruppa med utgangspunkt i ordføraren si godtgjersle:

Partigruppe i kommunestyret	Fast godtgjersle
1-4 representantar	1,5 %
5-9 representantar	2,0 %
10-14 representantar	2,5 %
15-19 representantar	3,0 %
20-30 representantar	3,5 %

### 8.3 Møterom

Partigruppene i kommunestyret skal ha tilgang til møterom/lokale i rådhuset til gruppemøte.



## **9 Tolking av regelverket**

Tvil om tolking av regelverket vert lagt fram for formannskapet.